

Kva gjer du når dyr lir?

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



Fakta om Mattilsynet og dyrevelferd

Mattilsynet er eit landsdekkjande forvaltningsorgan som er med på å sikre forbrukarane trygg mat og trygt drikkevatt. Vi skal fremje folke-, plante-, fiske- og dyrehelse, miljøvennleg produksjon og etisk forsvarleg hald av fisk og dyr.

Mattilsynet forvaltar dyrevelferdslova og arbeider for at alle dyr skal få dekt dei grunnleggjande behova sine. Mattilsynet gir rettleiing, påbod om nødvendige tiltak, og kan også ta dyr i forvaring eller avvikle dyrehald. Dyrevernemndene er ein del av Mattilsynet. Nemndene skal hjelpe til i det lokale tilsynsarbeidet med dyrevelferd, som lekmenn.

Mattilsynet gjennomfører årleg om lag 10 000 dyrevelferdsinspeksjonar i produksjons- og kjæledyrhald og andre verksemdar som driv med dyr (til dømes dyrebutikkar og dyrehagar).

Du finn meir informasjon om ansvarsområda og arbeidsoppgåvene på nettsidene til Mattilsynet.



➔ *Dyr har egenverdi uavhengig av den nytteverdien de måtte ha for mennesker. Dyr skal behandles godt og beskyttes mot fare for unødige påkjenninger og belastninger. Dyrevelferdslova § 3*



Kvifor skal du kontakte Mattilsynet?

Mattilsynet skal sikre velferda til dyr og har myndigheit til å gripe inn i saker der dyr lir.

- Tips frå publikum er den viktigaste årsaka til at Mattilsynet hindrar dyretragediar.
- Dersom du kontaktar Mattilsynet, bidreg du til at færre dyr lir.
- Alle som har grunn til å tru at dyr blir utsette for mishandling eller alvorleg svikt i miljø, tilsyn og stell, har plikt til å varsle Mattilsynet eller politiet. Denne plikta er nedfelt i dyrevelferdslova.

Mattilsynet og dyrevernemndene følger opp meldingar om dyr som lir.

Vi går gjennom alle bekymringsmeldingane vi får, og vurderer om dyret blir utsett for unødig lidning. Ved alvorlege brot på dyrevelferdslova kan dyrehaldaren bli fråteken dyra, og saka kan bli meld til politiet. I nokre tilfelle får dyrehaldaren forbod mot å ha dyr frametter.

Når skal du kontakte Mattilsynet og dyrevernemndene?

Kontakt oss dersom du ser eller høyrer om:

- dyr som ikkje får nødvendig tilsyn og stell
- dyr som ikkje får vatn og fôr
- vald mot dyr
- dyr som tydeleg er avmagra
- dyr som er skadde og/eller sjuke

Bry deg om velferda til dyra!

Du kan melde ifrå på www.mattilsynet.no

Velj menyunktet «Varsle oss» øvst på framsida. Du treng ikkje å oppgi namnet ditt, du kan varsle anonymt. Det er viktig at du gir nok informasjon til at vi forstår kva som er problemet, og til at vi finn fram til dyrehaldet som bekymringa gjeld. Det er særleg viktig viss du vel å varsle anonymt, sidan vi då ikkje har nokon å spørje.

Du kan også kontakte Mattilsynet

på telefon 22 40 00 00.

